



*Vinje kommune*



Bilete frå frigjeringa i Rauland 1945. Utlånt av Rauland historielag.

## **Veteranplan for Vinje**

Vedteke av Vinje kommunestyre, 28. juni 2018.

## Innleiing og bakgrunn

Noreg har over fleire tiår deltatt i ulike militære operasjonar i krigs- og konfliktområde i andre land. Mange tusen norske menn og kvinner har erfaring frå slik innsats. Staten har dei seinare åra utvikla og systematisert sin politikk overfor desse menneskapa, gjennom planar vedtatt i Stortinget. Kommunane har ikkje hatt nokon klar rolle i dette, men nokre kommunar peikar seg ut som stader der det bor særleg mange med veteranbakgrunn, eller der det har vore krigshandlingar som har sete historiske spor.

Vinje er ein slik kommune. Difor ønskjer Vinje med dette å etablere ein politikk på veteranfeltet.

*Forsvarets veteranjeneste* gjekk også våren 2017 ut med ei oppmoding til kommunane om å få på plass kommunale planar for å sikre veteranar frå internasjonale operasjonar eit best mogleg tilpassa tenestetilbod.

Ein veteran er her definert som ein person som har deltatt i internasjonale militære operasjonar. Personar som har vore i utanlandsoppdrag for politiet, Utanriksdepartementet eller FN kan ha parallelle erfaringar. Registreringa av militært personell i utanlandsteneste går frå 1978 og det er i følge til denne pr januar 2017 33 veteranar som bur i Vinje.

For Noreg som samfunn er oppfølging av veteranar sine levekår og generell heider for deira innsats eit større tema. Planen for Vinje kommune sitt vedkomande er avgrensa til å omhandle lokale tiltak for å synleggjere det ærefulle og respektfulle oppdraget å ha tenestegjort for landet.



Arabønder som demonstrerer på denne måten i Tjønndalen. Utlånt av Rauland historielag.

## Veteranorganisasjonar i Vest-Telemark/regionen

⇒ NIVO - Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner <http://nvio.no/>

⇒ NROF - Norske Reserveoffiserers Forening



Veteranar m. fl. samla ved Forsvarsmuseet i Åmot 8. mai 2018. Foto Olav Åsen Haugsgjerd, VTB.


## Målsetjing

Målsettinga med Vinje kommune sin veteranplan er å verdsetje deira innsats og kompetanse, og bidra til veteranar og veteranar sine familiar får rett hjelp til rett tid.

**Tiltak****Ansvar**

Kommunen tar kontakt med dei veteranorganisasjonane som er i kommunen/regionen for å ha eit samarbeid om tiltak.	Rådmannen
Kommunen skaffar seg oversikt over minnesmerker i kommunen og vurderer kven av dei ein skal legge ned krans/blomar på – og når tid.	Rådmannen
Kommunen yter gratis hus til tilskipingar i veteranorganisasjonane i kommunen.	Rådmannen
Kommunen lagar ei årleg tilskiping i kommunen med ordførar som vertskap. Dette blir lagt til 8. mai om det ikkje kolliderer med tilskipingar andre stader i regionen. Tilskipinga er på kveldstid og familiane til veteranane blir óg invitert. Ordførar og/eller ein av veteranane held tale. Ein legg opp til samarbeid med Tokke kommune om markeringa 8.mai.	Ordføraren
Kommunen skaffar seg oversikt over tilsette som har veteranbakgrunn. Dei kan vera ein stor ressurs i beredskapsarbeid og opplæring.	Rådmannen
Kommunen syter for at alle driftseiningar har kompetanse på feltet slik at dei kan yte hjelp og støtte når ein treng det.	Rådmannen
Peike ut ein veterankontakt i kommunen	Rådmannen
Kommunen opprettar ei side for informasjon på eiga heimeside der ein finn informasjon om tiltak knytt til veteraner og familiane deira.	Rådmannen
Ein vil vurdere og nytte personar med veteranbakgrunn inn i skulen til undervisning for å synleggjera bidrag i internasjonale operasjonar.	Rådmannen
Samarbeide med Tokke kommune om informasjonstavler ved dei stadene det har vore hendingar under 2. verdskrig	Rådmannen





Hopparar frå *Veteranenes fallskjermklubb* blei sleppte ut frå eit Dakota-fly og landa på Fjarefit i samband med Grouse-markeringa i august 2015. Foto Tormod Christiansen.